

Bymiljøpakken sekretariatet

Ugradert

Deres ref.:

Vår ref.:
FERDE00418Dato:
22.09.2021

Prisjustering av takstane i Bymiljøpakken (Bypakke Nord- Jæren)

Ferde viser til Prop. 47 S (2016 – 2017) om finansiering av Bypakke Nord-Jæren i Randaberg, Sandnes, Sola og Stavanger kommunar i Rogaland. I proposisjonen står det at takstane skal justerast i samsvar med prisutviklinga.

Takstane i Bypakke Nord Jæren (Bymiljøpakken) vart sist prisjusterte 1.februar 2020 basert på takstvedtak frå Vegdirektoratet frå 8. januar 2020 (Ref. nr. 20/7541-3). Prisveksten frå takstvedtaket vart gjort i januar 2020 til februar 2021 er 3,23 %. Ut frå prosjektavtalen som Ferde har for Bypakke Nord Jæren (Bymiljøpakken), er det bompengeselskapet sitt ansvar å søkja Vegdirektoratet om prisjustering av takstane.

Ferde forslår å endra grunntakstane i Bypakke Nord Jæren (Bymiljøpakken) slik:

	Takstgruppe 1	Takstgruppe 2
Takstar per i dag	Kr. 23	Kr. 58
Framlegg til nye takstar	Kr. 24	Kr. 60

Dette forslaget er ei rein prisjustering. Ferde legg til grunn at det kan gjennomførast slike prisjusteringar av grunntakstane frikopla frå utviklinga i snittakstane.

Rabattar og takstsystem elles vert som i dag. Ref:

<https://ferde.no/bomanlegg-og-priser/nord-jaeren>

Bypakke Nord Jæren (Bymiljøpakken) er definert som ein bypakke. I «veilederen» på autopass.no står det at: «I bypakker må prisjusteringen ha lokalpolitisk tilslutning før nytt takstvedtak fattes av Vegdirektoratet.». Kommunane bak Bypakke Nord Jæren (Bymiljøpakken) er Stavanger, Sandnes, Sola og Randaberg samt Rogaland fylkeskommune.

Vegdirektoratet har presisert i mail til Ferde at sett frå Vegdirektoratet si side er det ikkje naudsynt med behandling i kommunestyre og fylkesting. Det er tilstrekkelig med tilslutnad frå styringsgruppa. Det er derfor opp til kommunane og fylkeskommunen å avgjera kva som er naudsynt behandling sett i høve til egne fullmakter.

Ferde har vore i kontakt med Rogaland fylkeskommunen om saksgangen for dette

Ferde AS

● POSTADRESSE:
Postboks 2623
5836 BERGEN

● ORG.NR: 918 012 745

● TELEFON: 55 90 14 00

● WEB: <https://ferde.no/>

brevet. Fylkerskommunen opplyser om at administrativ koordineringsgruppe i Bymiljøpakken har konkludert med at dette brevet bør sendast til sekretariatet i Bymiljøpakken og ikkje direkte til kommunane eller fylkeskommunen. Ein legg opp til å behandla takstforslaget i styringsgruppa for Bymiljøpakken.

Ved lokalpolitiske tillutnad, som her kan vera tilslutnad frå styringsgruppa, vil Ferde senda det lokalpolitiske vedtaket over til Vegdirektoratet som gjer takstvedtak. Eit nytt takstvedtak vil bli kunngjort seinast fire veker før takstane vert endra.

Med helsing

Bjørn Inge Midtgård
Myndighetskontakt

Dokumentet er elektronisk godkjent og har derfor ingen signatur

Kopi til:

Rogaland fylkeskommune v/Gaute Risa